# Forskrift og regulativ for Hareid Hamnedistrikt 2014




# Del dokument I – anløpsavgift

# Innhald

1 ALMINNELEGE FØRESEGNER .... 4
1.1 HEIMEL .... 4
1.2 FORMÅL .... 4
1.3 AVGIFTSOMRÅDET - KOMMUNENS SJØOMRÅDE FOR HH .... 4
1.4 ANKOMST OG AVGANGSMELDING .... 4
1.5 INNKREVJING AV ANLØPSAVGIFT .... 4
1.6 IKRAFTTREDELSE, OPPHEVELSE .... 4
2 ANLØPSAVGIFT - PRISAR OG VILKÅR .... 4
2.1 BEREGNINGSGRUNNLAG FOR ANLØPSAVGIFT .... 4
2.2 REGULATIV FOR ANLØPSAVGIFT .... 5
2.3 ANLØPSAVGIFTA BETALAST ETTER FYLGJANDE KRITERIUM .... 5
2.4 FRITATT FOR ANLØPSAVGIFT ER .... 5
Forretningsvilkår for Hareid hamneregion 2014 .... 7
DEL I GENERELLE FØRESEGNER .... 7
1. Virkeområde .... 7
2. Definisjonar .... 7
3. Selskapsform .... 7
DEL II PRIS- OG BETALINGSVILKÅR .... 8
4. Fastsetjing av pris .... 8
5. Tilbodskrav .... 8
6. Betalingskrav .... 8
7. Sikkerheitskrav .... 8
8. Meirverdiavgift .... 9
9. Inndriving etter lova .... 9
10. Privatrettslege reglar .... 9
11. Regulering av prisar .... 9
DEL I I I HAMNETJENESTER - Skipstrafikk .... 9
12. Anløp .... 9
13. Framkomstmelding .... 9
14. Kai vederlag .... 9
DEL IV HAMNETJENESTER - Gods - og varetrafikk .... 10
15. Opplysningar om gods - og varetrafikk .... 10
16. Handtering av gods - og varetrafikk .... 11
17. Varevederlag for gods - og varetrafikk .... 11
DEL V GEBYRER .... 11
18. Avfallsgebyr .... 11
19. Sikkerheitsgebyr .... 12
20. Sakshandsamingsgebyr .... 12
DEL VI REKLAMASJON .... 12
21. Reklamasjon .... 12
DEL VI I TVISTER .... 12
22. Lovval og verneting .... 12
Prisliste for Hareid Hamneregion 2014 .... 14
1 ORIENTERING OM PRISSYSTEM .... 14
LOVREGULERT AVGIFT .... 14
GEBYRER .... 14
BRUK AV HAMNAS INFRASTRUKTUR .... 14

SAL AV VARER OG TENESTER ... 14
UTLEIE AV UTSTYR OG PERSONELL ... 14
2 ANLØPSAVGIFT ... 15
MINSTEPRIS ANLØPSAVGIFT ... 15
3 SIKKERHETS- , AVFALL- OG SAKSBEHANDLINGSGEBYR ... 15
AVFALLSGEBYR ... 16
SAKBEHANDLINGSGEBYR ... 16
4 BRUK AV HAMNAS INFRASTRUKTUR ... 16
MINSTEPRIS KAIVEDERLAG ... 16
KAIVEDERLAG ÅRSBASIS - YRKESFARTØYER UNDER 20 ... 17
VEDERLAG FRITIDSBÅTAR ... 17
VAREVEDERLAG ... 17
PASSASJERVEDERLAG ... 17
AREALVEDERLAG ... 17
PARKERINGSVEDERLAG ... 18
5 SALG AV VARER OG TJENESTER ... 18
VEDERLAG VATNLEVERANSE ... 18
6 UTLEIE AV UTSTYR OG PERSONELL ... 18
LEIE AV PERSONELL ... 18

# 1 ALMINNELEGE FØRESEGNER

## 1.1 HEIMEL

Anløpsavgifta er fastsett av Fiskeridepartementet i forskrift av 20.12.2010 nr 1762 i medhald av § 25 i Lov om havner og farvann nr 19 av 17.04.2009

## 1.2 FORMÅL

Anløpsavgifta skal dekke kommunens kostnader ved utøving av offentleg myndigheit med heimel i Lov om havner og farvann med forskrifter nr 19 av 17.04.2009, samt kostnadar for å legge til rette for sikkerheit og framkomelegheit i Hareid kommune sitt sjøområde.

## 1.3 AVGIFTSOMRÅDET - KOMMUNENS SJØOMRÅDE FOR HH

Avgiftsområdet for Hareid hamneregion er Hareid kommune sine grenser i sjø, fastlagt i Forskrift om farleder av 30.11.2009 nr 1477. Dette i medhald av § 9 og 16 i Lov om havner og farvann nr 19.

## 1.4 ANKOMST OG AVGANGSMELDING

Førar av fartøy som anløper hamnedistriktet skal om mogeleg minst 24 timar før framkomst gje melding til hamneadministrasjonen om berekna framkomsttid (E.T.A). Førar av norske fiske eller fangstfartøy kan gje framkomstmelding på eit seinare tidspunkt dersom framkomststad og framkomsttid ikkje er klarlagt (jfr. Forskrift av 15.12.2009 nr 1545).

## 1.5 INNKREVJING AV ANLØPSAVGIFT

Anløpsavgifta krevjast opp innanfor avgiftsområdet og gjeld for bruk av farvatnet. Oppkrevjing og berekning skal vere i samsvar med denne forskrift.

## 1.6 IKRAFTTREDELSE, OPPHEVELSE

Forskrift for anløpsavgifta trer i kraft frå 1. januar 2014. Frå same tidspunkt opphevast Hareid kommune sitt avgiftsregulativ av 1. januar 2013. Forskrifta er vedteken av Hareid kommunestyre xx.xx.201x.

# 2 ANLØPSAVGIFT - PRISAR OG VILKÅR

## 2.1 BEREGNINGSGRUNNLAG FOR ANLØPSAVGIFT

Anløpsavgifta bereknast etter fartøyets bruttotonnasje (BT) i samsvar med Den internasjonal konvensjon om måling av fartøy av 23. juni 1969.

For fartøy med største lengde over 15 meter som ikkje er målt eller har gyldig målebrev fastsetter hamnemyndigheita fartøyets tonnasje etter skjønn.

## 2.2 REGULATIV FOR ANLØPSAVGIFT

Eit kvart fartøy med dei unntak som er nemnde i punkt 2.4 skal betale avgift etter følgjande satsar:

**ANLØPSAVGIFT**

| BRUTTOTONNASJE | INTERVALL | SATS PR TONN | MAKS BELØP |
|---|---|---|---|
| For dei første 300 BT | 1-300 | kr 0,48 | kr 144 |
| For dei neste 300 BT | 301 - 600 | kr 0,33 | Kr 243 |
| For dei neste 600 BT | 601 - 1200 | kr 0,29 | kr 417 |
| For dei neste 800 BT | 1201 – 2000 | kr 0,26 | Kr 625 |
| For dei neste 1 000 BT | 2001 - 3000 | kr 0,22 | kr 845 |
| For dei neste 2 000 BT | 3001 – 5000 | kr 0,19 | kr 1 225 |
| For dei neste 5 000 BT | 5001 - 10000 | kr 0,15 | kr 1 975 |
| For dei neste 10 000 BT | 10 001 – 20 000 | kr 0,12 | kr 3 175 |
| For dei neste 10 000 BT | 20 001 – 30 000 | kr 0,36 | kr 6 775 |
| For dei neste 20 000 BT | 30 001 – 50 000 | kr 0,34 | kr 13 575 |
| For alt over 50 000 BT | Over 50 000 | kr 0,26 | ---------- |

**MINSTEPRIS ANLØPSAVGIFT**

| PRISTYPE | FARTØYSTYPE | PRISSATS |
|---|---|---|
| Minstepris | Fartøy over 15 meter | kr 200 |

## 2.3 ANLØPSAVGIFTA BETALAST ETTER FYLGJANDE KRITERIUM

Anløpsavgifta leggast pr. anløp i avgiftsområdet. Ved gjentekne anløp innanfor eit og same døger, leggast avgifta berre ein gong pr. døger (kalendardøger). Fergjer og hurtigbåtar i fast rute innrømmast 10 % rabatt på oppførte satsar over minstepris for anløpsavgift (iht. pkt 2.2).

Fartøy lagt bort innanfor hamnedistriktets grenser betalar ei fast årleg avgift:

| | |
|---|---|
| Under 100 BT | kr 3 500 pr. år |
| Over 101 BT | kr 4 000 pr. år |

Det skiljast mellom fartøy i stadig fart og fartøy lagt bort. I tillegg kan det oppkrevjast kaiavgift dersom dei ligg ved offentleg kai.

Fiskefartøy med største lengde over 15 meter, betalar anløpsavgift i medhald til dei satsar som er nemnde i pkt. 2.2. Det betalast likevel ikkje avgift for meir enn 6 anløp i kalendermånaden.

## 2.4 FRITATT FOR ANLØPSAVGIFT ER

- Fartøy som passerer gjennom avgiftsområdet utan å anløpe hamna.
- Orlogsfartøy, så vel norske som utanlandske.
- Kystverkets fartøy i forbindelse med arbeid i farvatnet.
- Alle fartøy med største lengde under 15 meter.

# Forskrift og regulativ for Hareid Hamnedistrikt 2014




# Del dokument II – Forretningsvilkår

# Forretningsvilkår for Hareid hamnedistrikt 2014

## DEL I GENERELLE FØRESEGNER

### 1. Virkeområde

Alle føresegner og krav gjevne i anløpsforskrift, prisliste og forretningsvilkår for Hareid Hamneregion er bindande for alle hamnetenester som Hareid hamneregion gir et tilbod om og utførar for sine brukarar.

Dersom ein skal fråvike føresegnene og krav som nemnd ovanfor må Kunden og HH inngå ein særskild skriftleg avtale om dette.

### 2. Definisjonar

Nedanfor vert det gjeve ulike definisjonar på viktige namn og omgrep i dette dokumentet.

**HH:** Hareid Hamneregion (Hareid kommune)

**Kunden:** Brukar/leigetakar av hamna sine varer, tenester og infrastruktur

**Hamnetenester:**
• Sikre framkome og tryggleik i farleia
• Utøve offentleg myndigheit i farleia
• Stille til rådigheit infrastruktur for skip som ynskjer offentleg kaiplass
• Stille til rådigheit infrastruktur for lasting, lossing og omlasting av varer
• Stille til rådigheit alle varer og tenester som HH tilbyr hamnebrukarane
• Utleige av areal

**FOA:** ”Forskrift om anløpsavgift”, deldokument 1 av dokumentet ”Prisar og vilkår for Hareid Hamneregion”.

**Prisliste:** ”Prisliste”, deldokument 3 av ”Priser og vilkår for Hareid Hamneregion”.

### 3. Selskapsform

Hareid Kommune driv hamneverksemd, forvaltar og driftar all kommunal hamneinfrastruktur, myndigheitsutøving og annan offentleg forvaltning som rettar seg mot fartøy, gods eller passasjerar i hamna.

Hareid kommune er underlagt og fylgjar ”Lov om havner og farvann av 17. april 2009 nr 19 med tilhøyrande forskrifter samt saksbehandlingsforskriften. Vidare gjeld føresegn om mottak av avfall frå skip og sikring (ISPS) for verksemda.

## DEL II PRIS- OG BETALINGSVILKÅR

### 4. Fastsetjing av pris

Kunden skal betale avgifter, gebyr og vederlag i medhald av ein til kvar tid gjeldande prisliste.

Alle priser i "Prisliste og Forskrift om anløpsavgift" er oppgitt i Norske kroner (NOK) og er eksklusiv meirverdiavgift og eventuelle andre avgifter dersom ikkje anna er oppgitt.

Dersom pris er oppgitt i annan valuta enn Norske kroner (NOK), ber Kunden risikoen for kurssvinginga mellom norske kroner og den oppgitte valuta i tidsrommet tilbodets utgiving og betalingsdag.

### 5. Tilbodskrav

Når Hareid Hamneregion gir et tilbod til Kunden er det å sjåast som uforpliktande inntil kundens aksept av tilbodet er kome oss i hende.

Alle tilbod som Hareid Hamneregion gir er oppgitt i Norske kroner (NOK) og er eksklusiv meirverdiavgift og eventuelle andre avgifter dersom ikkje anna er oppgitt.

### 6. Betalingskrav

Hareid Hamneregion sitt tilgodehavande overfor sine kundar forfell til betaling tjueein (21) kalenderdagar frå fakturadato, viss ikkje anna er avtalt.

Det kan krevjast fakturagebyr ved skriving av fakturaer. Dette vil da framkome som ei eiga linje på fakturaen.

Kunden pliktar å gje opp riktig fakturaadresse og halde HH informert om eventuelle endringar av fakturaadressa. Omfakturering som fylgje av at Kunden har mislighaldt sin informasjonsplikt, fritek ikkje Kunden sin plikt til å betale i rett tid i medhald av den opphavlege fakturaen.

Dersom Kunden ikkje betalar fakturaen til rett tid, har HH rett til å krevje lovens forseinkingsrente og purregebyr etter inkassolovgivinga sin bestemming, jmf pkt 9.

For at feil i ein faktura eller anna betalingskrav frå HH skal kunne gjerast gjeldande mot HH, må det reklamerast utan ugrunna opphald.

### 7. Sikkerheitskrav

HH kan krevje forskottsbetaling, bankgaranti eller annan relevant sikring for dei Hamnetenester som skal leverast. Inntil betaling eller sikringskrav har funnen stad, har HH rett til utan varsel å innstille hamnetenester som er setne i gang eller nekte seglingsløyve inntil krav om betaling eller sikringskrav er oppfylt.

## 8. Meirverdiavgift

Meirverdiavgifta regulerast til ein kvar tid etter gjeldande lov om meirverdiavgift med forskrifter. Alle prisar er å sjå som eksklusiv meirverdiavgift dersom ikkje anna kjem fram i Prisliste, tilbod, leigeavtaler og FOA.

## 9. Inndriving etter lova

Skuldig gebyr og avgift fastsett i medhald av "Lov om havner og farvann" §§ 6, 25 og 54 er tvangsgrunnlag for utlegg. Krav som staten eller ein kommune har mot reiaren etter høvesvis § 25 i denne loven, har panterett i skipet etter reglene om sjøpanterett i lov 24. juni 1994 nr.39 om sjøfarten (sjøloven).

Ved forseinka betaling av gebyr og avgift svarast forseinkingsrente etter lov 17. desember 1976 nr. 100 om renter ved forseinka betaling.

## 10. Privatrettslege reglar

Dei hamnetenestene som ikkje er gebyr og avgift for etter "Lov om havner og farvann" fylgjer vanlege privatrettslege reglar.

## 11. Regulering av prisar

Prisane som er gjevne i Prisliste gjeld for eit (1) kalenderår av gongen, dersom ikkje anna blir vedteke av kommunestyret i Hareid kommune.

Det kan gjennomførast regulering av gjeldande prisliste dersom det oppstår forhold som gir uheldige konsekvensar for HH og ikkje var kjend når prislista vart vedteken i styrande organ.

# DEL I I I HAMNETJENESTER - Skipstrafikk

## 12. Anløp

Alle føresegner og krav kjem fram av FOA om anløp, farlei, anløpsavgift med meir.

## 13. Framkomstmelding

Framkomstmelding skal sendast HH innan 24 timer før framkomst om berekna framkomsttid (ETA). Førar av norske fiske- og eller fangstfartøy kan gje framkomstmelding på eit seinare tidspunkt dersom framkomststad og framkomsttid ikkje er klarlagt.

## 14. Kai vederlag

Kai vederlag bereknast etter fartøyets bruttotonnasje (BT). For fartøy som ikkje er målt eller har gyldig målebrev fastset HH fartøyets tonnasje etter skjønn. For fartøy med største lengde under 15 meter fastsettast kai vederlaget på grunnlag av største lengde(l.o.a).

Alle skip som nyttar HH sine offentlege kaier betaler kai vederlag etter gjeldande prisliste.

Vederlaget svarast for pr påbegynt døger (24 t liggetid). Liggetida reknast frå det tidspunkt fartøyet legger til og forlet kai. Minsteavgift er eit døger. Overskytande del av døger på 6 timar eller mindre reknast for 1/2 døger og det betalast 1/2 avgift.

Lasteskip, ro-ro skip, brønnbåtar og containerskip i utanriks og innanriks rutefart som brukar offentleg kai som fast anløpsstad i sin rutefart innrømmast ein førebels rabatt på dei oppførte satsar for kai vederlag i prislista på 10 %. Rabatten innrømmast på grunnlag av seglingsplanen som er lagt fram for HH av skipets reiar eller operatør. Seglingsplan må minst dekke ein tidsperiode på 3 månader.

Fiskefartøy betalar kai vederlag etter dei satsar for kai vederlag i prislista. Fiskefartøy betalar likevel ikkje kaiavgift for meir enn 7 liggedagar i kalendermånaden.

Fartøy lagt bort utan mannskap/bemanning eller avtale med HH skal betale kai vederlag 2 gongar av satsane oppgitt i tabell for kai vederlag.

Det kan inngåas avtaler med fartøy, selskap, verksemd eller organisasjonar om bruk av fast fortøyingsplass ved kommunal allmenningskai. Ved bruk av andre kommunale kaier skal det i tillegg svares kai vederlag etter rettleiande satsar.

Et fartøy som fortøyer på sida av et anna fartøy som ligg ved kai, skal betale kai vederlag som om skipet var fortøya til kaia.

# DEL IV HAMNETJENESTER - Gods - og varetrafikk

## 15. Opplysningar om gods - og varetrafikk

Kunden skal uoppfordra og fortløpande etter fartøyets avgang gje HH dei opplysningar om gods og varer som er nautsynt for at HH skal kunne føre statistikk for SSB og innkrevje varevederlag. Lasteoppgåva skal føres på skjema gitt av HH viss ikkje anna er bestemt mellom HH og Kunden.

På grunnlag av innsendte oppgåver vil HH fakturere varevederlag til vedkomande transportør. For innkrevjing av varevederlaget vil transportøren få godskriven ein rabatt på 10% dersom dei har innlevert lasteoppgåva seinast 14 dagar etter fartøyets avgang.

Varevederlaget for inngåande varer påkvilar varemottakar og for utgåande varer påkvilar vederlaget vareavsendar.

Transportørar, meklar og ekspeditørar foretar innkrevjing av varevederlaget frå vareeigar.

Berekningsgrunnlaget for vareavgifta er varens brutto vekt i metrisk tonn inkludert emballasje. Volumgods reknast om til vekteining, 1 m3 = 0,5 tonn. Berekningsgrunnlaget skal likevel aldri vere mindre enn varens vekt.

Følgjande gods og varetrafikk er unnateke varevederlag:
• Passasjerar og bagasje
• Proviant, olje og anna til eige bruk

## 16. Handtering av gods - og varetrafikk

Varer og gods som plasserast på kaier, skal raskast mogleg fraktast bort med mindre HH tillet at dei blir liggande.

Kunden er ansvarleg for at emballasje, avfall, restar av last og liknande er fjerna frå kai området utan opphald etter at skipet har drege frå hamna.

## 17. Varevederlag for gods - og varetrafikk

Varevederlag på varer gjeld for alle varer som fraktast med skip til eller frå hamna og som førast over Hareids offentlege kaier.

Alle varer som fraktast med skip over HH`s offentlige kaier betalar varevederlag i medhald av gjeldande Prisliste. Dette gjeld med unntak av:

- Passasjerar og bagasje
- Proviant, olje og anna til eige bruk

Varevederlaget dekker lagring på kaiareal inntil 48 timer før lasting/etter lossing. Etter dette tilkjem tillegg i medhald til gjeldande Prisliste.

Varer som kjem til hamna i transitt og som vidaresendast med fartøy, betalar varevederlag berre ved inngåande. For varer i transitt til utlandet betalast varevederlaget likevel ved utgåande.

HH kan foreta kontroll av oppgåver ved stikkprøver og forlange oversendt manifest og/eller andre relevante dokument.

Vareavgift vert også pålagd varer som overføras frå eit fartøy til et anna utan å passere kaianlegget, viss eit av fartøya ligg ved ei offentleg kai. Avgifta vert oppkravd med 1/3 av kva som er bestemt for varer som føres over kaia.

Det krevjast ikkje inn vareavgift for varer som vert lossa frå fiske- og fangstfartøy, der desse er ein del av fartøyets fangst.

# DEL V GEBYRER

## 18. Avfallsgebyr

I medhald av Forskrift om begrensning av forurensing (FOR 2004-06-01 nr 931) skal omkostningar knytt til mottak og vidare handtering av avfall frå skip dekkast ved innkrevjing av avfallsgebyr frå dei som anløper hamna. Omfanget av gebyret skal bereknast på grunnlag av skipets bruttotonnasje (BT), eller levert mengde.

Dersom det vert levert meir enn 1 m3 avfall (4 sekkar) eller lasterestar skal skipet fakturerast etter faktiske utgifter for containerleige, frakt og deponering av avfall. I tillegg tilkjem eit administrasjonsgebyr på 20 % av kostnaden.

Det vert gjeve fritak eller fråfall av gebyr dersom det kan dokumenteras at avfallet vert levert fast i ei anna hamn og det kan dokumenteras at denne hamna har mottaksordning i samsvar med kapittel 20 i forskrifta, eller at særlege omsyn tilseier det.

Fartøy under 50 BT er fritatt for avfallsgebyr, dei betalar pr avfallssekk på kr 90.

### 19. Sikkerheitsgebyr

I medhald av Forskrift om om sikkerhet og terrorberedskap i norske havner (FOR 2004-06-23-1017) har HH etablert sikkerheits- og antiterrortiltak.

Sikkerheitsgebyret er fartøyets eller varen sin betaling for dekking av kostnadar til investeringar og drift av sikkerheitstiltak og terrorberedskap i hamna.

### 20. Sakshandsamingsgebyr

I medhald av Lov om havner og farvann nr 19 §§ 6 og 54, med tilhøyrande forskrifter er det høve til å krevje inn sakshandsamingsgebyr.

Til dekking av HH's naudsynte kostnadar knytt til handsaming av søknad om løyve etter Lov om havner og farvann § 27 og forskrifter gjeven i medhald av lova, skal tiltakshavar betale gebyr.

Gebyra vert kravd betalt innan saksbehandlinga tek til. Saksbehandlinga vert satt i verk når innbetaling av gebyr er registrert på HH sin bankkonto.

Når ein tiltakshavar eller rekvirent er årsak til at ei handsaming av søknad blir avbroten, vil tiltakshavar eller rekvirent få tilbakebetalt halve gebyret.

Ved avslag på søknad vil gebyret ikkje bli tilbakebetalt.

## DEL VI REKLAMASJON

### 21. Reklamasjon

Dersom Kunden vil halde HH erstatningsansvarleg for skadar, forseinkingar eller har andre krav knytt til gjennomføring av hamnetenester skal dette settast fram for HH skriftleg utan ugrunna opphald. Motsegn og krav kan ikkje gjerast gjeldande seinare enn tre (3) månadar etter den dagen da Kunden fekk eller burde ha skaffa seg kjennskap til forholdet som grunngjev kravet.

## DEL VI I TVISTER

### 22. Lovval og verneting

Partane sine rettar og plikter i medhald av noverande føresegner, vert regulert i sin heilskap av norsk rett.

Sunnmøre tingrett er verneting for alle rettstvistar knytt til bruk av Hareid hamnevesen og forståing av nærverande føresegner.

# Forskrift og regulativ for Hareid Hamnedistrikt 2014




# Del dokument III - Prisliste

# Prisliste for Hareid Hamneregion 2014

## 1 ORIENTERING OM PRISSYSTEM

Hareid Hamneregion (HH) har inndelt sitt prissystem i 5 ulike kategoriar. Nedanfor vert det gjeve ei kort forklaring for kvar av desse priskategoriane. Forklaringane gir berre ei kort rettleiing om kva dei inneheld. For ytterlegare forklaring sjå forretningsvilkår og prisliste.

### LOVREGULERT AVGIFT

Avgifter skal finansiere kostnader men ikkje ha vesentleg resultateffekt.

**Anløpsavgifta** er betaling for bruk av kommunens sjøområder. Avgifta skal dekke kostnader ved utøving av offentleg myndigheit, samt kostnader for å legge til rette for sikkerheit og framkomelegheit i kommunens sjøområde. Gjeldande føresegner og avgifter kjem fram av "Forskrift om anløpsavgift 2014 " i eige dokument. Priser for anløpsavgifta finnes også i "Prisliste for HH 2014".

### GEBYRER

Gebyra skal finansiere innkjøp, ytingar og andre forhold som gebyret gjeld.

**Sikkerheitsgebyret** gjeld klargjering, kontroll, sikkerheit og bruk av offentlege terminalar og kaier som har ISPS-sertifisering (ISPS-gebyr).
**Avfallsgebyret** gjeld skip som anløper offentleg kai. Gebyret gjeld dei renovasjonsytingar som Hareid Hamneregion stiller til disposisjon etter nærmare regler.
**Sakshandsamingsgebyret** gjeld handsaming av søknad om løyve eller godkjenning av innretningar eller aktiviteter, samt kontrolltiltak og tilsyn.

### BRUK AV HAMNAS INFRASTRUKTUR

Vederlag for infrastruktur er betaling for bruk av kai, kaiareal, fasilitetar og andre anleggsmidlar som høyrer til HH. Pris fastsettast forretningsmessig med resultateffekt. Dette kan delast inn i følgjande priskategoriar:

- **Kaivederlag** - Betaling for skipets bruk av kaien
- **Varevederlag** - Betaling for varens bruk av kaien
- **Passasjervederlag** - Betaling for bruk av passasjerfasilitetar
- **Arealvederlag -** Betaling for bruk av tilfeldig hamneareal
- **Parkeringsvederlag** - Betaling for bruk av parkeringsplassar

### SAL AV VARER OG TENESTER

Sal av varer og tenester som hamna tilbyr sine kundar. Sal av varer er ein konkret vare som er innkjøpt for vidaresal. Tenester er aktiviteter som hamna utfører på vegne av sine kundar etter bestilling. Pris fastsettast forretningsmessig med resultateffekt.

### UTLEIE AV UTSTYR OG PERSONELL

Utleie av utstyr og/eller personell som hamna tilbyr sine kundar å leie. Pris fastsettast forretningsmessig med resultateffekt.

## 2 ANLØPSAVGIFT

### ANLØPSAVGIFT

| BRUTTOTONNASJE | INTERVALL | SATS PR TONN | MAKS BELØP |
|---|---|---|---|
| For dei første 300 BT | 1-300 | kr 0,48 | kr 144 |
| For dei neste 300 BT | 301 - 600 | kr 0,33 | kr 243 |
| For dei neste 600 BT | 601 - 1200 | kr 0,29 | kr 417 |
| For dei neste 800 BT | 1201 - 2000 | kr 0,26 | kr 625 |
| For dei neste 1 000 BT | 2001 - 3000 | kr 0,22 | kr 845 |
| For dei neste 2 000 BT | 3001 – 5000 | kr 0,19 | kr 1 225 |
| For dei neste 5 000 BT | 5001 - 10000 | kr 0,15 | kr 1 975 |
| For dei neste 10 000 BT | 10 001 – 20 000 | kr 0,12 | kr 3 175 |
| For dei neste 10 000 BT | 20 001 – 30 000 | kr 0,36 | kr 6 775 |
| For dei neste 20 000 BT | 30 001 – 50 000 | kr 0,34 | kr 13 575 |
| For alt over 50 000 BT | Over 50 000 | kr 0,26 | ---------- |

### MINSTEPRIS ANLØPSAVGIFT

| PRISTYPE | FARTØYSTYPE | PRISSATS |
|---|---|---|
| Minstepris | Fartøy over 15 meter | kr 200 |

### FARTØY SOM ER LAGT BORT

| | |
|---|---|
| Under 100 BT | kr 3 500 pr. år |
| Over 101 BT | kr 4 000 pr. år |

## 3 SIKKERHETS- , AVFALL- OG SAKSBEHANDLINGSGEBYR

### SIKKERHETSGEBYR

| GEBYRTYPE | SATS | EINING | MINSTEPRIS |
|---|---|---|---|
| ISPS-gebyr for skip | 25 % av kaiavgift | BT | kr 150 |
| ISPS-gebyr for passasjerar | kr 11,00 | pr passasjer | kr 4 000 |
| ISPS-gebyr for varer - bulk | kr 0,30 | pr tonn | kr 10 |
| ISPS-gebyr for containerar med varer | kr 20,00 | pr container | kr 20 |
| ISPS-gebyr for varer - stykkgods | kr 0,50 | pr tonn | kr 10 |

### AVFALLSGEBYR

| GEBYRTYPE | SATS | EINING |
|---|---|---|
| Avfallsgebyr, skip inntil 2000 BT | kr 170 | pr anløp |
| Avfallsgebyr, skip over 2000 BT | kr 340 | pr anløp |
| Avfallsgebyr, etter levert mengde | kr 90 | pr bossekk |

Administrasjonsomkostningar ved faktisk levert mengde er 15% av leveringskostnaden

### SAKBEHANDLINGSGEBYR

| GEBYRTYPE | SATS | EINING |
|---|---|---|
| Saksbehandlingsgebyr, "enkle" tiltak | kr 2 000 | pr søknad |
| Saksbehandlingsgebyr, enkle tiltak m/synfaring | kr 3 000 | pr søknad |
| Saksbehandlingsgebyr, større tiltak | kr 3 000 | pr søknad |
| Saksbehandlingsgebyr, større tiltak m/synfaring | kr 5 000 | pr søknad |

## 4 BRUK AV HAMNAS INFRASTRUKTUR

### KAIVEDERLAG

| BRUTTOTONNASJE | INTERVALL | SATS PR TONN | MAKS BELØP |
|---|---|---|---|
| For dei fyrste 300 BT | 1 - 300 | kr 0,63 | kr 189 |
| For dei neste 300 BT | 301 - 600 | kr 0,51 | kr 342 |
| For dei neste 600 BT | 601 - 1 200 | kr 0,37 | kr 564 |
| For dei neste 800 BT | 1 201 - 2 000 | kr 0,35 | kr 844 |
| For dei neste 1 000 BT | 2 001 - 3 000k | kr 0,26 | kr 1 104 |
| For dei neste 2 000 BT | 3 001 - 5 000 | kr 0,25 | kr 1 604 |
| For dei neste 5 000 BT | 5 001 - 10 000 | kr 0,20 | kr 2 604 |
| For dei neste 10 000 BT | 10 001 - 20 000 | kr 0,17 | kr 4 304 |
| For dei neste 10 000 BT | 20 001 - 30 000 | kr 0,56 | kr 9 904 |
| For dei neste 20 000 BT | 30 001 - 50 000 | kr 0,51 | kr 20 104 |
| For alt over 50 000 BT | Over 50 000 | kr 0,41 | kr -------------- |

### MINSTEPRIS KAIVEDERLAG

| PRISTYPE | FARTØYSTYPE | PRISSATS |
|---|---|---|
| Minstepris yrkesfartøy | Fartøy under 12 meter | kr 100 |
| Minstepris yrkesfartøy | Fartøy mellom 12 - 15 meter | kr 200 |
| Minstepris yrkesfartøy | Fartøy mellom over 15 meter | kr 300 |

## KAIVEDERLAG ÅRSBASIS - YRKESFARTØYER UNDER 20

| PRISTYPE | FARTØYSTYPE | PRISSATS |
|---|---|---|
| Pris årsbasis yrkesfartøy | Fartøy under 12 meter | kr 9 000 |
| Pris årsbasis yrkesfartøy | Fartøy mellom 12 - 15 meter | kr 12 000 |
| Pris årsbasis yrkesfartøy | Fartøy over 15 meter | kr 17 000 |

## VEDERLAG FRITIDSBÅTAR

| PRISTYPE | FARTØYSTYPE | PRISSATS |
|---|---|---|
| Minstepris fritidsbåtar | Fartøy under 12 meter | kr 150 |
| Minstepris fritidsbåtar | Fartøy frå 12 - 15 meter | kr 250 |
| Minstepris fritidsbåtar | Fartøy over 15 meter | kr 350 |

## VAREVEDERLAG

| GODSTYPE STYKKGODS | PRIS | | EINING |
|---|---|---|---|
| Stykkgods – ikkje spesifisert | kr | 12,85 | pr tonn |
| Stykkgods – spesifisert | kr | 11,75 | pr tonn |
| Salt – stykkgods | kr | 6,70 | pr tonn |
| Varebil/campingvogn/bobil/personbil | kr | 150,00 | pr stk |
| Lastebil/buss/trailer/semitrailer/anleggmaskinar | kr | 250,00 | Pr stk |
| Båtar under 20 fot | kr | 150,00 | Pr stk |
| Båtar over 20 fot | kr | 250,00 | pr stk |
| Tomgods | kr | 11,00 | Pr tonn |
| **GODSTYPE BULK** | **PRIS** | | **EINING** |
| Bulk som ikkje er spesifisert nedanfor | kr | 5,45 | Pr tonn |
| Salt | kr | 3,40 | Pr tonn |
| Sand og grus | kr | 3,30 | Pr tonn |
| **GODSTYPE LANDBASERT GODS** | **PRIS** | | **EINING** |
| Landbasert gods .bil til bil | kr | 12,85 | Pr tonn |
| **MINSTREPRIS GODS OG VARER** | **Pris** | | |
| Minstepris varevederlag | Kr 100 | | |
| | | | |

## PASSASJERVEDERLAG

| PRISTYPE | PRIS | EINING |
|---|---|---|
| Pris passasjervederlag for påstigande passasjerar | kr 10 | pr passasjer |

## AREALVEDERLAG

| PRISTYPE | PRIS | EINING | MINSTEPRIS |
|---|---|---|---|
| Pris lagring av varer pr uke | kr 10 | pr m2 | kr 300 |
| Pris lagring av 20 fots container | kr 100 | pr container | kr 100 |
| Pris lagring av 40 fots container | kr 200 | pr container | kr 200 |

**PARKERINGSVEDERLAG**

| PRISTYPE | PRIS | EINING |
|---|---|---|
| Pris oppmerket parkeringsplass, årsbasis | kr 6 000 | pr plass |
| Pris parkering bil på HH sitt område, døger | kr 80 | pr plass |
| Pris parkering trailer på HH sitt område, døger | kr 160 | pr plass |

**VEDERLAG ADGANG ISPS-TERMINALER OG KAIER**

| PRISTYPE | PRIS | EINING |
|---|---|---|
| Pris utskriving av ID-kort med nøkkel (pin) | kr 300 | pr kort |
| Pris utskriving av ID-kort til utan nøkkel (pin) | kr 200 | pr kort |
| Pris årsavgift for ID-kort med nøkkel (pin) | kr 150 | pr kort/pr år |
| Pris mobilåtgang for innpassering ISPS-område | kr 700 | pr år |

## 5 SALG AV VARER OG TJENESTER

**FORTØYNINGSVEDERLAG**

| BRUTTOTONNASJE | FORTØYNING | LØSKAST | TOTALT | TOTALT M/BÅT |
|---|---|---|---|---|
| 0000 - 6 000 BT | Kr 1 250 | Kr 450 | kr 1 700 | Fortøyingsbåt brukast ikkje for denne gruppa |
| 6 001 - 8 000 BT | Kr 1 450 | Kr 650 | kr 2 100 | |
| 8 001 - 9 000 BT | Kr 2 800 | Kr 900 | kr 3 700 | |
| 9 001 - 20 000 BT | For denne gruppen splittes Ikkje vederlaget | | kr 4 100 | kr 5 000 |
| 20 001 - 40 000 BT | | | kr 5 000 | kr 6 050 |
| 40 001 - 60 000 BT | | | kr 7 100 | kr 8 700 |
| 60 001- 90 000 BT | | | kr 10 500 | kr 12 900 |
| 90 001 - 300 000 BT | | | kr 11 700 | kr 14 350 |

**VEDERLAG STRØMLEVERANSE**

| PRISTYPE | PRIS | EINING | MINSTEPRIS |
|---|---|---|---|
| Pris strøm til skip | kr 1,60 | pr Kwt | kr 400 |
| Pris tilkoplingsvederlag for straum | kr 500,00 | pr levering | kr 500 |
| Pris yrkesfartøy gjestebryggene | kr 60,00 | pr døger | kr 60 |

**VEDERLAG VASSLEVERANSE**

| PRISTYPE | PRIS | EINING | MINSTEPRIS |
|---|---|---|---|
| Pris ferskvatn til skip | kr 15 | pr m3 | kr 500 |
| Pris tilkoplingsvederlag for vatn | kr 500,00 | pr levering | kr 500 |

## 6 UTLEIE AV UTSTYR OG PERSONELL

### LEIE AV PERSONELL

| PRISTYPE | PRIS | EINING | MINSTEPRIS |
|---|---|---|---|
| Pris ordinær timelønn | kr 500 | pr time | 2 timer |
| Pris overtid 50 % | kr 750 | pr time | 2 timer |
| Pris overtid 100 % | kr 1000 | pr time | 2 timer |
| Pris overtid 133 % | kr 1165 | pr time | 2 timer |